



## ■ møtereferat – Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet for tannhelsetenesta

Ephorte: 2016/3605

Tema:	Stad og tid:
Møtereferat SAMU-T 24.3.2015	Fylkeshuset, møterom 203

Til stades: Medlemmer		Varamedlemmer	
Hege Myklebust Vartdal	X	Folkert Seetzen	
Guro Flem Ulla	X	Marianne S. Rudi	
Laila Aas Dyrøy	X	Grete Gussiås	
Anthony N. Valen	X	Morten Larsen	
Are Kristofer Hjeltnes	X	Bjørn Eggen	
Tone Nord	X		

Andre:  
Rådgivar Tove Istad, NAV arbeidslivssenter  
HMS-rådgiver Elin Os Haare, Stamina Helse  
Seniorrådgivar Martin Hauge  
Konsulent Eva Refsnæs (sak 7/2016)

Referent:	Neste møte:
Morten Larsen, 71 25 87 74	22.6.2016

Det var ingen merknader til møteinnkallinga. Laila Aas Dyrøy leia møtet.

### Saksliste

1/2016	<p><b>Val av leiar og nestleiar for SAMU-T 2016</b> Funksjonstida for medlemmene i SAMU-T er to år. Leiar for SAMU-T blir valt vekselvis frå arbeidsgivarsida og arbeidstakersida for eitt år om gongen. I 2015 hadde arbeidsgivarsida leiarfunksjonen i utvalet.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> Som leiar for SAMU-T i 2016 blir valt Guro Flem Ulla. Laila Aas Dyrøy blir for same tidsrom valt til nestleiar for utvalet.</p>
2/2016	<p><b>Årsrapport 2015 for Den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal</b> Årsrapporten set fokus på på tenestetilbod, dekningsgrad, tannhelseresultat, folkehelsearbeid og eigen organisasjon. For å synleggjere tannhelsa i kvar kommune, er det laga ei oversikt over tal personar (%) utan karieserfaring kommunevis, fylkesvis og for heile landet. Rapporten vil bli distribuert til rådmenn og folkehelsekoordinatorane i kommunane.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar framlegg til årsrapport 2015 for Den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal til vitande.</p>
3/2016	<p><b>HMS-årsrapport 2015, inkl. sjukefråversutvikling</b> Martin Hauge orienterte. Fylkeskommunens HMS-årsrapport for 2015 er ei oppsummering av rapportane frå alle driftseiningane i fylkeskommunen, og</p>

	<p>tannhelsetenesta inngår i felles HMS-årsrapport for fylkeskommunen. Rapporten beskriv hovudtrekka i arbeidsmiljøsituasjonen i tannhelsetenesta og gir signal for det vidare forbetningsarbeidet.</p> <p>Årsrapporten munnar ut i ei liste over dei viktigaste HMS-utfordringane:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi må forenkle grensesnittet for å gjere lokal HMS-dokumentasjon tilgjengeleg for alle</li> <li>• Alle verksemdene skal vere miljøfyrtårnsertifisert. Rettleiingsarbeidet vil bli vidareført i 2016</li> <li>• Risikovurderingverktøyet i RiskManager skal nyttast på alle einingane. Alle relevante grupper skal vere informert om systemet.</li> <li>• Vi skal vidareføre anbudsprosessar på kjernesortementavtalar for kjemikalieprodukt på nye område etter same mal som er nytta for skolane.</li> <li>• Vi skal bruke bedriftshelsetenesta meir målretta i høve til å følge opp HMS-systema våre.</li> <li>• Vi skal ta i bruk nytt rammeverk for krisehandtering og beredskap i løpet av 2016.</li> <li>• Vi bør vurdere tiltak for å redusere sjukefråveret for kvinner i fertil alder</li> </ul> <p>I systemperspektiv blir eit satsingsområde framover å gjennomføre og dokumentere risikovurderingar og følgje opp med handlingsplanar som skal vere tilgjengeleg på dei lokale HMS-sidene på intranett</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar HMS-årsrapport 2015 for tannhelsesektoren til orientering.</p>
4/2016	<p><b>Årsrapport 2015 for SAMU-T</b> SAMU-T har plikt til å utarbeide ein årsrapport som gir ein oversikt over aktivitetane siste driftsår, jf. AML § 7-2. Rapporten er primært til verksemda sin eigen bruk, og skal kunne fremvisast dersom Arbeidstilsynet ber om det.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T godkjenner årsrapporten 2015 for utvalet sitt arbeid.</p>
5/2016	<p><b>Orientering - sjukefråversutvikling 4. kvartal 2015</b> Fråverstala for 4. kvartal, brote ned på fråversintervall og distriktsnivå, vart gjennomgått. Sjukefråveret ligg godt over snittet for same kvartal dei 3 føregåande åra. Det er store distriktsvise variasjonar i sjukefråveret.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjonen om sjukefråversutviklinga 4. kvartal 2015 til orientering.</p>
6/2016	<p><b>Orientering – sjukefråversutvikling 1. kvartal 2016</b> Fråverstala for 1. kvartal, brote ned på fråversintervall og distriktsnivå, vart gjennomgått. Det må takast atterhald om at alt sjukefråver dette kvartalet er registrert, og kvartalstala vil bli lagt fram på nytt på junimøtet.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjonen om dei førebels tala som er registrert for sjukefråversutviklinga 1. kvartal 2016 til orientering.</p>
7/2016	<p><b>Orientering – Gravitet og sjukefråver</b> HMS-rådgivar i Stamina, Elin Os Haare, orienterte. Ho la vekt på nasjonale tal som viser at gravide står for 1/3 av alle fråværsdager blant kvinner i alderen 20 - 39 år, og at berre ein liten del av dette fråværet skuldast komplikasjonar i graviteteten. Mykje kunne vore unngått med betre tilrettelegging av arbeidsforholda.</p> <p>Det kom fleire innspel under gjennomgangen:</p>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Verksemdar som har ein "gravidpolitikk" og satsar seriøst på å legge til rette for gravide, lukkast best.</li> <li>• Det er viktig å ha ein policy og retningslinjer som beskriv hensikt og mål og kven som har ansvar for oppfølging og tilrettelegging</li> <li>• Førebygging både på gruppe- og individnivå</li> <li>• Risikovurdering må ligge til grunn for tiltak</li> <li>• Samtaler med jordmor satt i system i nokre andre fylke og kommunar, gode resultat. Kva kan Stamina tilby her ?</li> <li>• Oppfølgingsplaner med fokus på arbeidstakars arbeidsoppgåver i forhold til funksjonsevne</li> <li>• Mykje kunnskap om temaet og gode referanseprosjekt, t.d. tilgjengeleg på Idebanken.no, NAV m.fl.</li> </ul> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjonen om graviditet og sjukefråver til orientering. Temaet må belysast nærare på eit seinare møte i utvalet. Det er viktig at den sentrale arbeidsgivarfunksjonen v/personalseksjonen så snart som mogleg startar eit arbeid med ein overordna «gravidpolitikk».</p>
8/2016	<p><b>Orientering - rekrutteringssituasjonen per april 2016</b> Morten Larsen orienterte. Så langt i år har det vore utlyst 10 tannlegestillingar Fleire vikariat knytt til fødselspermisjonar. I juni vil tilsaman 12 tilsette vere ute i fødselspermisjon. Ein ressurskrevjande situasjon både rekrutteringsmessig og for klinikkane.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjonen om rekrutteringssituasjonen til orientering.</p>
9/2016	<p><b>Orientering – Møreforsking i Volda er engasjert for utgreiing av samfunnsmessige konsekvensar av omorganisering av den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal</b> Anthony Valen og Morten Larsen orienterte. I «Regional delplan tannhelse» har det vore identifisert nokre hovudutfordringar knytt til endringar i befolkninga si samansetning og behov, større krav til kvalitet, kompetanse og pasientsikkerheit i en situasjon med rekrutteringsutfordringar og ustabil bemanning. Møreforsking er engasjert for å undersøkje samfunnsmessige konsekvensar ved ein omorganisering/strukturendring med færre klinikkar i lys av hovudmåla knytt til kvalitet og pasientsikkerheit, robuste kompetansmiljø, folkehelsearbeid og samhandling med kommunane.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjonen om den føreståande utgreiinga i regi av Møreforsking.</p>
10/2016	<b>Open post</b>